

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 11.08.2020 13:21:25

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jannicke Bergesen Clarke

**Emne:** Tryggleik for bussjåførar

**Vedlegg:**

Spørsmål og framlegg til oppfølging til neste samferdselsutvals-møte

#### **Kollisjonsbeskyttelse for førarar i bussane**

Korleis er krava Vestland fylkeskommune stiller i samband med anbud på kollektivruter?

KrF er uroa for tryggleiken til bussjåførane. I anbudsprosessar blir prisane pressa ned, og uten klare krav om høgare standard, vil minstestandard bli lagt til grunn.

Eg har lese rapporten frå møteulykka i Ruter sitt ruteområde Fv. 450 ved Nafstad Ullensaker 2017, der ein sjåfør omkom og den andre vart hardt skadd, på tross av at dei hadde ein fart på berre 33-34 km/t. Link til rapporten her:

<https://www.aibn.no/Veitrafikk/Avgitte-rapporter/2019-04>

Her les vi at Statens havarikommisjon for transport tilrår Akershus fylkeskommune og Ruter å sette krav til kollisjonstryggleik for førarar som et kriterium ved anbud på nye kollektivtransportruter. Dei har no som dei første i landet innført krav i anbud om tryggleik for bussjåførar i bussane.

Vi hadde sjølve i Vestland fylke ei tragisk hending med eigen Skyss-buss 16. juni i år, der sjåføren omkom. Det er krav til minstestandardar for kollisjonstryggleik. Ut over den, må kvart fylke/eigar stille eigne krav. I alle fall fram til det evt kjem felles statlege krav.

<https://www.ba.no/utreder-nasjonale-krav-til-bedre-sikring-for-bussjaforer/s/5-8-1326048?access=granted>

**-Korleis er krava i våre anbudsprosessar mht. kollisjonstryggleik i bussar, og dermed tryggleiken for bussjåførane våre?**

**Dersom vi ikkje har slike krav, ber eg om at det vert utgreidd ei sak for korleis vi betre skal kunne ta i vare kollisjons-tryggleiken for sjåførane våre i nye anbudsprosessar.**

**Trude Brosvik, KrF**